

Protokoll

Det 45. ordinære Idrettskrinsting

Sogndal 14. april 2018

SAKLISTE

Opning

Helsingstalar

1.0 Konstituering

- 1.1 Godkjenning av dei frammøtte representantane
- 1.2 Godkjenning av innkallinga
- 1.3 Godkjenning av forretningsorden
- 1.4 Godkjenning av saklista
- 1.5 Val av dirigent
- 1.6 Val av sekretærer
- 1.7 Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen

2.0 Årsmelding 2016-2017

3.0 Rekneskap 2016-2017

4.0 Revisjon

- 4.1 Engasjere revisor
- 4.2 Fastsette revisor sitt honorar

5.0 Innkomne saker

- 5.1 Løvsaker
Ingen saker

- 5.2 Andre saker

- 5.2.1 Regionalisering av Hordaland og Sogn og Fjordane idrettskrins

6.0 Handlingsplan og langtidsbudsjett 2016 - 2020

7.0 Val

- 7.1 Idrettskrinsstyret
- 7.2 Kontrollkomite
- 7.3 Representantar til Idrettstinget
- 7.4 Valnemnd til neste Idrettskrinsting

AVSLUTNING

SAKSHANDSAMING:**Opning**

Leiar Nils R. Sandal opna tinget med sin helsingstale til tinget.

Deretter vart det halde minnestund over avlidne idrettsleiarar i fylket i perioden.

Helsingstalar

Følgjande helsa deretter tinget:

- Fylkesordførar Jenny Følling
- NIF v/ styremedlem Marit Roland
- Møre og Romsdal idrettskrets v/ Kåre Sæter
- Høgskulen på Vestlandet v/ Frode Fretland

1.0 Konstituering**1.1 Godkjenning av dei frammøtte representantane**

Idrettskrinsstyret har kontrollert lista over fullmakter. Ved konstitueringa av tinget var det 36 representantar med røysterett.

VEDTAK: Idrettskrinstinget godkjenner fullmaktene.
Samrøystes vedteke

Organisasjon:	Namn:	
Idrettskrinsstyret		
Leiar	Nils R. Sandal	
Nestleiar	Arve Heimdal	
Styremedlem	Ruth-Sølvi Helland	
Styremedlem	Lilly Schøyen	
Varamedlem	Stian Grimseth	Forfall
Særkrins / region		
NFF Sogn og Fjordane	Inge Seglem	Forfall
NFF Sogn og Fjordane	Tove Berget	
NFF Sogn og Fjordane	Marianne Laugerud	
NFF Sogn og Fjordane	Rune Sunde	
Sogn og Fjordane Skikrins	Tonje Norheim Tangerud	
Sogn og Fjordane Skikrins	Finn Årdal	
Sogn og Fjordane Skikrins	Asle Sande	
NVBF Region Sogn og Fjordane	Terje Steinar Vallestad	
NHF Region Vest	Øyvind Indrebø	
NHF Region Vest	Gunn Merete Paulsen	
NHF Region Vest	Ole Kristian Gjerstad	
Nord-Vestlandet Vektløftarregion	Ola Bergheim	
Sogn og Fjordane Gymnastikk og Turnkrets	Janne Elin Alsaker	
Sogn og Fjordane Gymnastikk og Turnkrets	Stillaug Mundal	
Sogn og Fjordane Orienteringskrins	Johan Magerøy	
Sogn og Fjordane Orienteringskrins	Kristin Heimlid Øiestad	

IDRETTSKRINSTINGET 2018

14. april 2018

Sogn og Fjordane Friidrettskrins	Linn Katrin Bakke	
Sogn og Fjordane Friidrettskrins	Merete Helgheim	
Idrettsråd		
Askvoll Idrettsråd	Astri Thorsen Landøy	Forfall
Fjaler Idrettsråd	Jonny Pedersen	Forfall
Førde Idrettsråd	Oddvar Huseklepp	
Førde Idrettsråd	Kirstin Bruland	
Luster Idrettsråd	Svein Tore Heltne	
Sogndal Idrettsråd	Jan-Erik Weinbach	
Årdal Idrettsråd	Mona Kristin Nytnun	
Idrettslag		
Askvoll og Holmedal Idrettslag	Anne Kari Iversen	
Førde Idrettslag	Tor Starheim	
Hafslo Idrettslag	Sandhya Karlsen Holene	
Haugen Idrettslag	Arild Opsal	
Idrettslaget Jotun	Arnt Stølen Moen	
Idrettslaget Modig	Siri Wølneberg Bøthun	Forfall
IL Høyang	Svein Arne Høyheim	
Jølster Idrettslag	Laila Tefre Dvergsdal	Forfall
Lærdal Idrettslag	Hallvard Thomassen	
Markane Idrettslag	Inge Fænn	
Selje Idrettslag	Atle Solheim	
Sogndal Idrettslag	Svein Hågård	
Gjester		
Norges Idrettsforbund - styremedlem	Marit Roland	
Møre og Romsdal Idrettskrets - kretsleiar	Kåre Sæter	
Sogn og Fjordane Fylkeskommune - fylkesordførar	Jenny Følling	
Sogn og Fjordane Fylkeskommune - leiar hovudutval for næring og kultur	Jakob Andre Sandal	
Sogn og Fjordane Fylkeskommune - ass. fylkesdirektør for næring og kultur	Ingebjørg Erikstad	
Høgskulen på Vestlandet - instituttleiar, Institutt for idrett, kosthald og naturfag	Frode Fretland	
Norges idrettsforbund - fagkonsulent paraidrett	Cecilie Eriksen	
Tale og forslagsrett		
Sogn og Fjordane idrettskrins - organisasjonssjef	Anne Leversund	
Dirigent		
Dirigent	Cecilie Thaule Løvlid	
Valnemnd		
Leiar valnemnd	Magne Knudsen	

Administrasjon IK		
Plan- og utviklingsleiar	Ingrid Narum	
Økonomikonsulent	Erling Benjaminsen	
Tilsette særkrins		
Sogn og Fjordane Friidrettskrins	Asgeir Årdal	
Andre gjester		
Årets frivillige 2018	Per Birger Lomheim	
Idrettsmerkemottakar	Inge Haugen	
Idrettsmerkemottakar	Arnfinn Ommedal	
Idrettsmerkemottakar	Rasmus J. Bø	

1.2 Godkjenning av innkallinga

VEDTAK: Idrettskrinstinget godkjenner utlagd innkalling.
Samrøystes vedteke

1.3 Godkjenning av forretningsorden

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til forretningsorden:

1. Tinget vert leia av 1 valt dirigent.
Protokollen vert ført av dei valde sekretærane, som sjølv fordeler arbeidet seg i mellom.
2. Ønskjer ein representant ordet, varslar han dirigenten om det, og ordet vert gjeve etter tur. Ordet vert gjeve frå ein tilvist plass i salen.
3. På tinget kan ikkje handsamast framlegg om lovendring som ikkje er ført opp på den utsende saklista. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei frammøtte representantane vedtek det, ved godkjenning av saklista.
4. Ingen representant får ordet meir enn 3 gonger i same sak. Taletida vert sett til 5 min første gong, 2 min andre og tredje gong, med unnatak for innleiingsforedraget og for representantar som har framlegg på saklista.
Dirigenten kan gjere framlegg om avvik frå dette i omfattande saker, t.d. Handlingsprogram.
Representantar som forlangar ordet til forretningsorden har 1 min taletid.
Dirigenten kan gjere framlegg om kortare taletid og strek for dei inntegna talarane.
5. Alle framlegg må leverast skriftleg til dirigenten, underskrivne med namnet til representanten og organisasjonsleddet. Tidlegare framlegg kan ikkje trekkast attende og nye framlegg kan ikkje settast fram etter at det er sett strek eller etter at saka er teken opp til votering. Framlegg kan berre gjerast i saker som står på saklista.
6. Alle vedtak og val vert avgjort med fleirtal av dei avleverte stemmene, med dei unntak lova fastset. Blanke stemmesetlar tel ikkje og vert rekna som ikkje avleverte.
7. Framlegg og vedtak vert ført inn i protokollen, med tal på avleverte stemmer for og i mot.

8. Protokollen vert gått gjennom og underskriven av 2 – to - valte representantar.

VEDTAK: Idrettskrinstinget godkjenner forretningsorden.
Samrøystes vedteke

1.4 Godkjenning av saklista

VEDTAK: Idrettskrinstinget godkjenner utlagd sakliste.
Samrøystes vedteke

1.5 Val av dirigent:

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til val av dirigent: Cecilie Thaulø Løvlid

VEDTAK: Idrettskrinstinget godkjenner framlegget til val av dirigent.
Samrøystes vedteke

1.6 Val av sekretærar

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til val av sekretærar:

Ingrid Narum (Tilsett ved idrettskrinsen sitt kontor)

Vara: Erling Benjaminsen (Tilsett ved idrettskrinsen sitt kontor)

VEDTAK: Idrettskrinstinget godkjenner framlegget til val av sekretærar.
Samrøystes vedteke

1.7 Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen.

VEDTAK: Idrettskrinsstyret gjer framlegg på tinget.
Representanten: Rune Sunde, NFF Sogn og Fjordane
Representanten: Anne Kari Iversen, Askvoll og Holmedal Idrettslag
Samrøystes vedteke

2.0 Årsmelding 2016-2017

VEDTAK: Idrettskrinstinget godkjenner årsmeldinga for 2016-2017.
Samrøystes vedteke

Bakgrunn:

Idrettskrinsstyret la fram for tinget årsmelding for 2016-2017 til godkjenning.

Innleiing v/ leiar i idrettskrinsen, Nils R. Sandal.

Følgjande hadde ordet i saka:

Ola Bergheim (Nord-Vestlandet Vektløftarregion)

3.0 Rekneskap 2016-2017

VEDTAK: Idrettskrinsstinget godkjenner framlagd rekneskap for 2016-2017.
Samrøystes vedteke

Bakgrunn:

Rekneskap for 2016-2017 er tekne inn i årsmeldinga.

Idrettskrinsstyret syner til meldingar frå tilsett revisor og kontrollkomiteen, tekne inn i årsmelding.

Anne Leversund (org. sjef idrettskrinsen) la fram rekneskapen for 2016-2017.

Følgjande hadde ordet i saka:

Johan Magerøy (Sogn og Fjordane Orienteringskrins), Anne Leversund (org. sjef idrettskrinsen), Nils R. Sandal (leiar idrettskrinsen), Øyvind Indrebø (NHF Region Vest).

4.0 Revisjon

4.1 Engasjere revisor

VEDTAK: Idrettskrinstinget gir idrettskrinsstyret fullmakt til å engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere idrettskrinsen sitt rekneskap.
Samrøystes vedteke

Bakgrunn:

I følge NIF-lov § 5-9, pkt. g og SFIK - lov § 14 pkt. (1) h, skal idrettskrinstinget engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere idrettskrinsen sitt rekneskap.

4.2 Fastsetting av revisor sitt honorar

VEDTAK: Idrettskrinstinget gir idrettskrinsstyret fullmakt til å fastsette revisor sitt honorar.
Samrøystes vedteke

5.0 Innkomne saker

5.1 Lovsaker

Ingen saker

5.2 Andre saker

5.2.1 Regionalisering av Hordaland idrettskrets og Sogn og Fjordane idrettskrins

VEDTAK: Idrettskrinstinget gir idrettskrinsstyret fullmakt til å starte arbeidet med å forhandle om eventuell regionalisering av Hordaland idrettskrets og Sogn og Fjordane idrettskrins frå 01.01.2020.
Endeleg vedtak om regionalisering skal fattast på ekstraordinært Idrettskrinsting hausten 2019.
Samrøystes vedteke

Bakgrunn:

Stortinget har vedteke at Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune skal slå seg saman frå 1. januar 2020.

Idrettstinget 2015 vedtok, under behandling av Idrettspolitisk dokument 2015-2019, at følgande tiltak skal stå sentralt: "Strukturelle endringar for å tilpasse organisasjonen til statens forvaltningsreform dersom denne gjennomførast i tingperioden".

NIF forventar at når fylker slår seg saman, skal dei tilhøyrande idrettskretsane gjere det same. Det vil være naturleg at samanslåinga skjer med virkning frå same dato som for fylka. Pr. no er det kun Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag som har slått seg saman, til Trøndelag idrettskrets med virkning frå 01.01.2018.

Med bakgrunn i vedtak fatta av Stortinget og Idrettstinget, legg Sogn og Fjordane idrettskrins til grunn at Hordaland idrettskrets og Sogn og Fjordane idrettskrins slår seg saman med verknad frå 01.01.2020.

Styra i dei to idrettskretsane har hatt eit felles møte i februar 2018. Vidare arbeid er avhengig av positivt vedtak på begge idrettskrinstinga.

Dersom Hordaland idrettskrets og Sogn og Fjordane idrettskrins blir ein idrettskrins frå 01.01.2020, vil det ha som konsekvens at det styret som blir valt på idrettskrinstinget i 2018, vil fungere fram til 31.12.2019. Det vil måtte gjennomførast ekstraordinært idrettskrinsting hausten 2019 der nødvendige vedtak vert fatta for at den nye idrettskrinsen skal vere operativ frå 01.01.2020.

Følgjande hadde ordet i saka:

Arild Opsal (Haugen Idrettslag), Tor Starheim (Førde Idrettslag), Finn Årdal (Sogn og Fjordane Skikrins), Ola Bergheim (Nord-Vestlandet Vektløftarregion), Inge Fænn (Markane Idrettslag), Svein Arne Høyheim (IL Høyang), Øyvind Indrebø (NHF Region Vest), Anne Leversund (org. sjef idrettskrinsen), Ola Bergheim (Nord-Vestlandet Vektløftarregion), Tonje Norheim Tangerud (Sogn og Fjordane Skikrins), Øyvind Indrebø (NHF Region Vest), Nils R. Sandal (leiar idrettskrinsen), Arild Opsal (Haugen Idrettslag), Svein Arne Høyheim (IL Høyang), Nils R. Sandal (leiar idrettskrinsen), Inge Fænn (Markane Idrettslag), Øyvind Indrebø (NHF Region Vest), Finn Årdal (Sogn og Fjordane Skikrins), Atle Solheim (Selje Idrettslag), Johan Magerøy (Sogn og Fjordane Orienteringskrins), Tove Berget (NFF Sogn og Fjordane), Ola Bergheim (Nord-Vestlandet Vektløftarregion), Svein Arne Høyheim (IL Høyang), Gunn Merete Paulsen (NHF Region Vest), Nils R. Sandal (leiar idrettskrinsen), Ola Bergheim (Nord-Vestlandet Vektløftarregion), Inge Fænn (Markane Idrettslag), Finn Årdal (Sogn og Fjordane Skikrins), Gunn Merete Paulsen (NHF Region Vest), Nils R. Sandal (leiar idrettskrinsen), Johan Magerøy (Sogn og Fjordane Orienteringskrins), Nils R. Sandal (leiar idrettskrinsen), Øyvind Indrebø (NHF Region Vest).

Øyvind Indrebø (NHF Region Vest):

Idretten i fylket skal involverast i prosessen fram mot ekstraordinært idrettskrinsting i 2019.

Det vart gjort følgjande rettingar i protokollen:

Punkt 5.1 vert retta frå Lovsaker til Regionalisering av Hordaland idrettskrets og Sogn og Fjordane idrettskrins.

6.0 Handlingsplan og langtidsbudsjett 2016 - 2020

VEDTAK: Idrettskrinstinget vedtek rullert Handlingsplan 2016-2020 og ber idrettskrinsstyret, særkrinsar, særiddrettar, idrettsråd og idrettslag følgje opp hovudutfordringar, hovudmål og delmål i planen. Langtidsbudsjett 2018-2019 blir lagt til grunn for det vidare arbeidet.
Samrøystes vedteke

Bakgrunn:

Idrettskrinsstyret legg fram rullert handlingsplan med langtidsbudsjett for tingperioden 2016 - 2020.

Handlingsplan 2016-2020 er ein felles handlingsplanen for idrettsorganisasjonane i Sogn og Fjordane, som legg retninga og mål på fellesidrettslege innsatsområde i organisasjonsledda sitt arbeid med å vidareutvikle og styrke idrettstilbodet for medlemmane.

Visjonen «Gode i hop» skal prege idretten i Sogn og Fjordane. Den skal gi retning for fellesskap og inkludering, å arbeide saman om felles mål og å tilby kunnskaps- og verdibaserte aktivitetstilbod til medlemmane.

Ved å løfte saman på tvers av arbeidsdelinga i idretten, kan vi betre løyse ut den beste innsatsen som gir vekst og utvikling for idrettsaktiviteten i fylket. Saman skal vi gjere vårt beste for å skape trygge oppvekstmiljø og vennskap, yte aktivitetstilbod etter ønskje frå medlemmane og spreie idrettsglede.

I framlegget til Handlingsplan 2016-2020 har idrettskrinsstyret lagt opp til at idretten i Sogn og Fjordane set særleg fokus på gode rammevilkår for idretten i fylket, styrke og utvikle idrettslag og idrettsråda, og at fleire ungdom vel å vere aktiv og får utvikle seg i idrettslag.

Følgjande hadde ordet i saka:

Anne Kari Iversen (Askvoll og Holmedal Idrettslag), Jan-Erik Weinbach (Sogndal Idrettsråd), Øyvind Indrebø (NHF Region Vest), Svein Arne Høyheim (IL Høyang), Cecilie Eriksen (fagkonsulent paraiddrett, NIF), Inge Fænn (Markane Idrettslag), Jan-Erik Weinbach (Sogndal Idrettsråd), Atle Solheim (Selje Idrettslag), Johan Magerøy (Sogn og Fjordane Orienteringskrins), Asle Sande (Sogn og Fjordane Skikrins), Ola Bergheim (Nord-Vestlandet Vektløftarregion), Nils R. Sandal (leiar idrettskrinsen).

Punktet om regionalisering vert teke vekk frå handlingsplanen.

Under paraiddrett legg ein til Høgskulen på Vestlandet under punktet:

- koordinere årlege arenaer der det blir lagt til rette for informasjon om og utprøving av idrettar og aktivitetshjelpemidlar i samarbeid mellom idrettskrinsen, SF/særiddrettar, idrettsråd, idrettslag, NAV hjelpemiddelsentral, fysio- og ergoterapeutar, fagpersonar i kommune og fylkeskommune

Under helse, sikkerheit og doping tek ein inn punktet:

- alle organisasjonsledd arbeider for å auka kunnskapen om skadeførebygging, spesielt i høve til barn og ungdom

7.0 Val**Valnemnda sitt framlegg:**

Innleiing v/ Magne Knudsen, leiar i valnemnda.

7.1 Idrettskrinsstyret

Leiar:	Nils R. Sandal	Byrkjelo	Attval
Nestleiar:	Arve Heimdal	Jølster	Attval
Styremedlem:	Ruth-Sølvi Helland	Florø	Attval
Styremedlem:	Lilly Schøyen	Sogndal	Attval
Styremedlem:	Emil Hillestad	Årdal	Ny
1. varamedlem:	Ingrid Heien	Sandane	Attval
2. varamedlem:	Stian Grimseth	Naustdal	Attval

Vedtak: Samrøystes vedteke

7.2 Kontrollkomité

Medlem:	Terje Gjertsen	Førde	Attval
Medlem:	Björg Eikum Tang	Sogndal	Attval
Varamedlem:	Ann Kristin S. Vindheim	Førde	Attval
Varamedlem:	Terje Vallestad	Viksdalen	Attval

Vedtak: Samrøystes vedteke

7.3 Representantar til idrettstinget

VEDTAK: Idrettskrinstinget gir idrettskrinsstyret fullmakt til å nemne opp representantar til Idrettsting og eventuelle ekstraordinære Idrettsting.
Samrøystes vedteke

7.4 Valnemnd til neste idrettskrinsting**Idrettskrinsstyret sitt framlegg til representantar til felles valnemnd:**

Medlem:	Arvid Gimmestad, Gloppen Handballklubb
Medlem:	Linda Hovland, Dale IL
Medlem:	Magne Knudsen, Årdalstangen IL
Varamedlem:	Jorunn Åsfrid Røyrvik, Vik IL

Dette er idrettskrinsstyret sitt framlegg til valnemnd for neste idrettskrinsting i Sogn og Fjordane dersom det ikkje vert regionalisering med Hordaland idrettskrets. Arvid Gimmestad er då leiar av valnemnda.

Vedtak: Samrøystes vedteke

Utmerkingar:

Prisen «Årets frivillig i fylket - Idrettsnamnet 2017» vart delt ut til Atle Steinar Solheim, Selje IL.

Prisen «Årets frivillig i fylket - Idrettsnamnet 2018» vart delt ut til Per Birger Lomheim, Hafslo IL.

40-års idrettsmerke m/ NIF-diplom: Inge Haugen, Hornindal IL

60-års idrettsmerke m/ NIF-diplom: Arnfinn Ommedal, Hyen IL, og Rasmus J. Bø, Stryn Turn & IL

Følgjande vart takka med helsing:

Jenny Følling, Marit Roland, Kåre Sæter, Frode Fretland, Magne Knudsen, Cecilie Thaule Løvlid, Cecilie Eriksen, Nils R. Sandal, Arve Heimdal, Lilly Schøyen, Ruth-Sølvi Helland.


Før opninga av Idrettskrinstinget var det innslag frå Sogndal IL Taekwondo.

Nils R. Sandal takka tingforsamlinga og heva tingsetet.

Idrettskrinstinget 2018 vart heva kl. 15.55 laurdag 14. april 2018.



Rune Sunde



Anne Kari Iversen